



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato  
13.06.2012  
Deres dato

Vår referanse  
2012/7098  
Deres referanse  
Ragnhild Kringeland

Bremnes Seashore AS  
Øklandsvågen  
5430 Bremnes

### Endelig rapport frå inspeksjon 19. april 2012

Rapportnummer: 2012.033.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Ragnhild Kringeland  
Vidar Helvik  
Bjørn Willy Sæverud  
Bjørn Ketil Sørvik

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Britt Solheim  
Sissel Storebø

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen.

Rapporten er no endelig. Vi syner til dykkar kommentarar til førebels rapport datert 30. mai 2012 og til telefonsamtale 13. juni 2012. Vi har tatt kommentarane delvis til etterretning. Rapporten gjev ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Fylkesmannen i Hordaland fant eit avvik og har gitt ein merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Utsleppskontroll
- Årsrapportering

Bremnes Seashore AS må sende ei skriftleg stadfesting med dokumentasjon innan **1. september 2012** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side 3.

Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonssjef

Sissel Storebø  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Bømlo kommune

## Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Bremnes Seashore AS	<b>Anleggsnr:</b> 1219.0002.01
<b>Besøksadresse:</b> Øklandsvågen	<b>Telefon:</b> 534 28200
<b>Postadresse:</b> 5430 Bremnes	<b>E-post:</b> <a href="mailto:bremnes@seashore.no">bremnes@seashore.no</a>
<b>Organisasjonsnr (undereining):</b> 972189685	<b>Eigd av (org.nr):</b> 836597702
<b>Kommune:</b> Bømlo	<b>Siste tilsyn:</b> 24.06.2010
<b>Bransjenr. (NACE-kode): 10.202</b> Frysing av fisk, fiskefileter, skalldyr og bløtdyr	
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 26.10.2009	<b>Risikoklasse: 3</b>

### 1. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldane krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter og utsleppsløyve vert halde. Inspeksjonen er gjennomført den 19. april 2012 som ein del av ein regional tilsynsaksjon av fiskeforedlingsindustrien.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- avfallshandtering
- miljørisikovurdering
- reinseanlegg
- utsleppskontroll

### 2. Oppfølging etter inspeksjonen

Ingen tilbakemelding. Fylkesmannen avdekte ingen avvik eller merknader innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Verksemda pliktar snarast å retta opp avviket som er omtala i denne rapporten. Vi ber Bremnes Seashore AS om ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon innan **1. september 2012** på at avviket er retta.

#### Varsel om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen innan **1. september 2012** ikkje har motteke ei tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta, vil Fylkesmannen fatta vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må innbetalast dersom Fylkesmannen ikkje har motteke skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen. Ei eventuell tvangsmulkt vil vera på 50 000 kroner.

Verksemda har høve til å kommentera dette varsllet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan 2 veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

### 3. Varsel om kontrollgebyr

#### Verksemd med løyve

Verksemda skal betala gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll av inntil en dags varigheit i verksemdar med løyve. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3.

Dette inneber at verksemda skal betala 11 600 kroner i gebyr for den gjennomførte kontrollen. Sidan gebyrstorleiken fylgjer av vedteken risikoklasse er gebyrstorleiken ikkje eit vedtak som kan påklagast. Faktura med innbetalingsblankett vil verta ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

### 4. Dokumentunderlag

- Forureiningslova
- Produktkontrollova
- Avfallsforskrifta kap. 11. Farlig avfall
- Internkontrollforskrifta
- Løyve av 26. oktober 2009 gjeve i medhald av forureiningslova § 11
- Verksemda si eigen dokumentasjon som vart lagt fram ved tilsynet

Informasjon om regelverket finn du på [www.klif.no](http://www.klif.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

#### Definisjon

**Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).

**Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 5. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik innanfor tema: Internkontroll

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 4 og 5

- 1a Verksemda har ikkje fastsett mål for ytre miljø.
- 1b Verksemda har uklare ansvarsforhold for oppfølging av forhold knytt til ytre miljø.
- 1c Verksemda mangla journal for heile eller deler av krava i forskrifta § 26-7
- 1d Verksemda har mangelfulle skriftlege rutinar/dokumentasjon (avvikshandtering, miljørisikovurderingar, avfallshandtering, utsleppskontroll, reinseanlegg)

### Avvik innanfor tema: Utsleppskontroll

Avvik frå:

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt. 2, 5 og 7
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf. 16

- 2a Verksemda har ulovleg utslepp til sjø.
- 2b Verksemda har ikkje gjort tiltak for å redusere luktulemper
- 2c Verksemda sin utsleppsleidning er ikkje i samsvar til krav i forskrifta
- 2d Verksemda har ikkje måleprogram for kontrollmåling av utslepp til vatn.
- 2e Verksemda har ikkje utført målingar av vatn og feitt i samsvar med løyvet.
- 2f Utsleppsmålingar til vatn er ikkje gjennomført for komponentar som er ført opp med utsleppsgrenser i løyvet.
- 2g Verksemda kan ikkje dokumentere at vassreinseinretningar er rett dimensjonert i høve til produksjonsmengd.
- 2h Vesentlege overløp manglar utstyr som anten registrerar vassmengd eller tid for overløp av ureinsa vatn.
- 2i Ureinsa overløp eller andre unormalt høge utslepp er ikkje teke med i utsleppstalla.
- 2j Prøvetaking og analyser av utslepp til vatn vert ikkje utført etter anerkjent standard. Verksemda kan ikkje dokumentera at metoden som vert nytta gjev like pålitelege resultat som anerkjent standard.

**Avvik innanfor tema: Reinseanlegg**

**Avvik frå:**

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 2, 5 og 7
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf 16

- 3a Verksemda sitt reinseanlegg (silanlegg/feittavskillar) er ikkje tilfredsstillande
- 3b Verksemda sitt reinseanlegg er ikkje dimensjonert i samsvar til kriteria
- 3c Overvåkings- og alarmsystem er utilstrekkelege for å sikre kontinuerlig god drift.
- 3d Verksemda har ikkje system for inspeksjon og vedlikehald av reinseinretningar.
- 3e Kalibrering/kontroll av viktig utstyr er ikkje dokumentert (pH-elektrodar, vassmengdemålar, utstyr for dosering av kjemikaliar).

**Avvik innanfor tema: Avfallshandtering**

**Avvik frå:**

- Forureiningslova §§ 7, 29 og 32
- Avfallsforskrifta §§ 11-4 siste ledd, 11-5, 11-8 og 11-12 (farlig avfall)
- Avfallsforskrifta § 9-4 (deponering)
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf. 16

- 4a Våtorganisk avfall vert ikkje tilfredsstillande mellomlagra
- 4b Verksemda deponerar/dumpar biologisk nedbrytbart avfall på eige område utan løyve.
- 4c Verksemda sender biologisk nedbrytbart avfall til mottak som ikkje er godkjent for det.
- 4d Verksemda har ikkje oversikt over sitt farlege avfall.
- 4e Farleg avfall vert ikkje levert til godkjent mottak.
- 4f Verksemda gjev ikkje tilstrekkelege opplysningar ved deklarerer av farlig avfall.
- 4g Farlig avfall er ikkje forsvarlig merka, oppbevart og levert innan fristen på eit år.

**Avvik innanfor tema: Miljørisikovurdering**

**Avvik frå:**

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt. 6, 7
- Produktkontrollova § 3a
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf. 16, punkt 8.1

- 5a Verksemda har ikkje gjennomført miljørisikovurdering for ytre miljø.
- 5b Miljørisikovurderinga omfattar ikkje alle tilstandar eller uynskte hendingar som er relevante for ytre miljø.
- 5c Verksemda kan ikkje dokumentere at den har fylgt opp miljørisikovurderinga med planar og tiltak for å redusera risikoforholda.
- 5d Verksemda har ikkje vurdert substitusjon av prioriterte stoff eller stoff med liknande eigenskapar der mindre farlege stoff er kjent/utprøvd.

**Andre avvik: Egenkontrollrapportering**

**Avvik frå:**

- Løyve etter forureiningslova § 11 jf. 16, punkt 9.3

- 6a Verksemda har ikkje rapportert utsleppsdata innan 1. mars for år 2011.

**Kommentarar**

6a) Rapporteringa skal skje gjennom den elektroniske skjemaportalen Altinn.

## 7. Merknadar

Prøvetaking og analyser av utslepp til vatn vert ikkje utført etter anerkjent standard.

**Kommentarar:**

Verksemda tar målingar av prosessavløpsvatnet 12 gongar i året. Kravet i utsleppsløyvet er 4 blandeprøvar i året av utgåande avløpsvatn jamt over året, jf. punkt 9.1. Det vart opplyst under tilsynet at prøvene for organisk materiale (BOF<sub>5</sub>) og suspendert stoff (SS) vert teke på same måte som for feitt, jf. punkt 2.1 i løyvet.

Verksemda hadde i 2011 2 avvik på feittutslepp, 123 mg/l og 112 mg/l. Feitt i avløpsvatnet skal ikkje overstige 100 mg/l, jf. punkt 2.1 i løyvet.

## **8. Andre forhold**

Verksemda opplyste ved tilsynet at dei ville søkje om løyve til auka produksjon frå slakting og foredling av laks og regnbogeare frå 36 000 tonn per år til 55 000 tonn per år.

Søknad om endring av trase for utsleppsleidning frå Bremnes Seashore AS datert 10. april 2012 vert handsama som eigen sak.